



Politisk reglement Vang kommune

06.02.2025



Føreord

Med heimel i Kommunelova §5-13 skal folkevalde organ ha eit reglement som stadfestar mellom anna verkeområde og vedtaksmynne og andre sentrale føresegn kring organet si verksemد. Kommunestyret i Vang stadfestar med dette *Politisk reglement for Vang kommune*. Dette reglement omfattar også reglement for saksbehandling jf. Kommunelova § 11-12.

Jørand Ødegård Lunde
Jørand Ødegård Lunde

Marit A. Kvam
Marit Andrisdotter Kvam

Ordførar Vang kommune

Asgrim Opdal
Asgrim Opdal

Varaordførar Vang kommune

Bjørn Olav Søndrol
Bjørn Olav Søndrol

Elisabeth Hålien
Elisabeth Hålien

Elisabeth Myhre
Elisabeth Myhre

Erlend Eggens
Erlend Eggens

Ingvil Oldre Heggom
Ingvil Oldre Heggom

Jon Helge Solemsli
Jon Helge Solemsli

Kristin Bakke Lajord
Kristin Bakke Lajord

Lars Østbye Hemsing
Lars Østbye Hemsing

Leif Solemsli
Leif Solemsli

Steinar Frøyen
Steinar Frøyen

Stine Solemsli
Stine Solemsli

Tom Kjetil Tørstad
Tom Kjetil Tørstad

Unni Sandsegen
Unni Sandsegen

Vidar Eltun
Vidar Eltun

Innhold

Føreord	2
1. Heimel og verkeområde	5
2. Roller og ansvar	5
2.1 Folkevalde organ.....	5
2.1.1 Kommunestyret	6
2.1.2 Formannskapet.....	6
2.1.3 Hovudutval for utvikling	7
2.1.4 Hovudutval for levekår og likeverd og likeverd.....	7
2.1.5 Kontrollutvalet.....	7
2.1.6 Råd for medverknad	7
2.1.7 Administrasjonsutvalet.....	9
2.2 Politiske verv.....	10
2.2.1 Rolla som folkevald.....	10
2.2.2 Ordførar og varaordførar.....	11
2.2.3 Gruppeleiaren.....	11
2.3 Kommunedirektøren	11
3. Møteprinsippet.....	12
3.1 Tidspunkt for møte	12
3.2 Innkalling og kunngjering av møte	12
3.3 Forfall til og under møte	13
3.4 Ope eller lukka møte – møteoffentlegheit.....	13
3.5 Fjernmøte	13
3.6 Hastesaker	14
3.7 Tilhøyrarar, kringkasting og videoopptak.....	14
3.8 Møteleiar	14
3.9 Møtestart og opprop	14
4 Gjennomføring av kommunestyremøtet.....	14
4.1 Opning av møtet	14
4.2 Innkalling og sakliste	15
4.3 Spontanspørsmål.....	15
4.4 Grunngjevne spørsmål.....	15
4.5 Interpellasjon	16

4.6 Saksbehandlinga i møtet	16
4.7 Innleiing til debatt.....	16
4.8 Gjennomføring av debatt	16
4.9 Saksframlegg.....,	17
4.10 Avstemming.....	18
4.11 Protokolltilførsel	18
4.12 Orden i salen.....	18
5 Orienteringar for kommunestyret.....	19
6 Inabilitet.....	19
7 Føring av protokoll. Møtet slutt	19
8 Dokumentversjon	20

1. Heimel og verkeområde

Kommunelova, forvaltningslova og offentleglova ligg til grunn for reglementet, i tillegg til lovverk tilknytt dei ulike råd og utval . Reglementet trekker fram vesentlege paragrafar i lovverket og beskriv rutinar og prosedyrar som gjelder utover det som er fastsett i lov.

Dette reglementet gjeld for alle folkevalde organ som er fastsett av kommunestyret i Vang. Reglementet skal sjåast i samanheng med delegeringsreglementet og eventuelt andre reglement for folkevalde organ under kommunestyret. Kommunestyret skal revidere reglementet ved oppstartig av kvar kommunestyreperiode, og elles ved behov.

2. Roller og ansvar

2.1 Folkevalde organ

Folkevalde organ i Vang kommune som er omfatta av reglementet:

- | | |
|--|----------------|
| • Kommunestyret | (17 medlemmer) |
| • Formannskapet | (5 medlemmer) |
| • Hovudutval for utvikling | (7 medlemmer) |
| • Hovudutval for levekår og likeverd og likeverd | (7 medlemmer) |
| • Kontrollutvalet | (5 medlemmer) |
| • Ungdomsråd | (7 medlemmer) |
| • Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMF) | (5 medlemmer) |
| • Eldreråd | (7 medlemmer) |
| • Administrasjonsutvalet | |

Som hovudregel skal alle medlemene i kommunestyret vere med i formannskapet, kontrollutvalet eller eit av hovudutvala (gjennomgåande representasjon). Kvart kjønn skal så langt det er mogleg vere representert med minst 40%.

Ved avtaleval stiller kommunelova §7-7 tredje ledd krav om at det skal vere balanse mellom personar frå kvart kjønn. Dette inneber at såframt organet skal ha fire medlemer eller fleire, så må kvart kjønn være representert i organet med minst 40%. Dersom organet har tre eller færre medlemmer, så skal kvart kjønn vere representert.

Ved forholdsval er det ikkje noko krav til kjønnsbalanse for organet som heilskap, det er berre krav til representasjon av begge kjønn på dei ulike listeframlegga. I kommunelova § 7-5 andre ledd heiter det at dersom det skal veljast fire medlemer eller fleire, skal kvart kjønn vere representert med minst 40 prosent blant kandidatane på den einskilde lista. Viss det skal veljast to eller tre medlemer, skal begge kjønn vere representert.

Mynde til å fatte vedtak i dei ulike organa er stadfesta i det til ein kvar tid gjeldande delegeringsreglementet. Med heimel i kommunelova §5-13 skal folkevalde organ under kommunestyret ha reglement som stadfestar ansvarsområde og oppgåver med større detaljgrad enn i dette reglement.

2.1.1 Kommunestyret

Kommunestyret i Vang består av 17 representantar med vararepresentantar som skal veljast for ein periode på fire år. Val av kommunestyrerrepresentantar og vararepresentantar skjer på den måte som lova fastsett.

Kommunestyret er det øvste organ i kommunen og fattar avgjerd på vegne av kommunen så langt ikkje anna følgjer av lov eller vedteke delegering. Kommunestyret er overordna alle andre politiske og administrative organ i kommunen, og har mynde til å gjere om på vedtak fatta av underordna organ. Kommunestyret fastsett sjølv reglement med nærmere reglar for saksbehandling i folkevalde organ.

Kommunestyret har det øvste tilsynet med kommunal forvaltning og kan forlange ein kvar sak lagt frem for seg til orientering eller avgjerd. Tilsynsplikta gjeld all verksemd i kommunen.

Kommunestyret skal sjå til at verksemda blir drive i samsvar med gjeldande føresegn i lov og forskrift, kommunale reglement, vedtekter og vedtak i kommunestyret.

Kommunestyret vedtek kommuneplan, økonomiplan, årsbudsjett, årsrekneskap og årsmelding, og andre saker som etter gjeldande lov og forskrift skal vedtakast av kommunestyret sjølv.

Kommunestyret skal sjå til at kommunerekneskap blir revidert på ein trygg måte.

Kommunestyret har leiinga av den kommunale planlegginga og skal sørge for at plan- og bygningslovgjevinga blir følgd i kommunen. Kommunestyret skal vedta kommunal planstrategi, kommune(del)plan og reguleringsplan.

Kommunen organiserer arbeidet med den kommunale planlegginga etter plan- og bygningslova kapittel 10 om kommunal planstrategi, kapittel 11 om kommuneplan og kapittel 12 om reguleringsplan, kommunestyret opprettar dei utval og treffer dei tiltak som finnes nødvendig for gjennomføring av planlegginga.

Saker som ikkje må til behandling i kommunestyret skal delegerast til formannskap, administrasjonsutval, hovudutval, andre faste utval eller til kommunedirektøren, i tråd med vedteke delegeringsreglement. For enkelttilfelle kan kommunestyret vedta ytterlegare delegering. Delegerert mynde kan når som helst trekkjast attende.

2.1.2 Formannskapet

Formannskapet har fem medlemer som skal veljast for ein periode på fire år. Medlemene og varamedlemene blir vald av og blant kommunestyret sine medlemer og skjer på den måte som lova fastsett.

Formannskapet behandler framlegg til økonomiplan, årsbudsjett og skattevedtak, og andre saker som etter gjeldande lov, forskrift og delegering er lagt til formannskapet. Formannskapet kan tildelast avgjerdsmynde i alle saker der ikkje anna er fastsett i lov.

Formannskapet har utvida mynde i hastesaker, og kan med heimel i kommunelova treffe vedtak i saker når det er naudsynt at dette skjer så raskt at det ikkje er tid til å innkalle kommunestyret.

Formannskapet er særskilt klagenemnd for kommunale enkeltvedtak (forvaltningslova § 28, 2. avsnitt).

Formannskapet i Vang kommune er valstyre, jf. vallova §4-1. Valstyret har delegert mynde til å oppnemne stemmestyre, jamfør vallova §4-2.

Formannskapet har delegert mynde til å avgjere saker knytt til:

- Næringsliv
- Kyrkje, idrett og kultursaker
- Politikk for servering og skjenking av alkohol

Delegeret mynde frå kommunestyret til formannskapet er stadfesta i delegeringsreglementet.

2.1.3 Hovudutval for utvikling

Hovudutval for utvikling (HUU) har sju medlem med varamedlem som skal veljast for ein periode på fire år. Utvalet sine hovudoppgåver er politisk behandling av saker der mynde er delegeret frå kommunestyret, mellom anna innan byggesak, landbruk, motorferdsle, vilt- og fiskeforvaltning, veg, bygg og eigedom, vassforsyning, avlaup og renovasjon.

Delegeret mynde frå kommunestyret til HUU er stadfesta i delegeringsreglementet.

2.1.4 Hovudutval for levekår og likeverd

Hovudutval for levekår og likeverd (HUL) har sju medlem med varamedlem som skal veljast for ein periode på fire år. Utvalet sine hovudoppgåver er politisk behandling av saker der mynde er delegeret frå kommunestyret, mellom anna innan helse, sosial, pleie og omsorg, barnehage, grunnskule, utdanning og integrering.

Delegeret mynde frå kommunestyret til HUL er stadfesta i delegeringsreglementet.

2.1.5 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har fem medlem med varamedlem som skal veljast for ein periode på fire år. Kommunestyret vel leiar og nestleiar. Minst ein av medlemene skal veljast blant kommunestyret sine medlemer, men ordførar, varaordførar, andre medlemer og varamedlemer av formannskapet, medlemer og varamedlemer av hovudutvala og tilsette i kommunen kan likevel ikkje veljast. Leiaren har møte- og talerett i kommunestyret når utvalet sine saker blir behandla. Kontrollutvalet skal føre tilsyn med den kommunale forvaltinga på vegne av kommunestyret. Utvalet sine oppgåver og funksjonar går elles fram av KL § 23 og kontrollutvalsforskrifta, og omfattar mellom anna

- Kontroll med den økonomiske forvaltinga, og sjå til at kommunen sitt rekneskap blir revidert på ein trygg måte
- Forvaltningsrevisjon og eigarskapskontroll
- Rapportering til og oppfølging av vedtak frå kommunestyret

2.1.6 Råd for medverknad

Kommunane har plikt til å ha tre medverknadsorgan, ungdomsråd, eldreråd og råd for menneske med nedsett funksjonsevne. Det går fram av kommunelova §5.12. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd skal sikre ei brei, open og tilgjengeleg medverknad frå råda. Forskrifta er heimla i kommunelova § 5-12. Rådsmedlem er rekna som folkevalde på lik linje med andre som sit i folkevalde organ jf. kommunelova §5.2.

Rådet er eit rådgjevande organ for kommunen og har rett til å seie si mening i saker som gjeld høvesvis eldre, personar med funksjonsnedsetting og ungdom. Det er opp til kommunen å fatte vedtak i de enkelte sakene. Rådets anbefalinger i den konkrete saken vil være en del av beslutningsgrunnlaget. Rådet skal ikkje behandle saker som gjeld enkeltpersonar. Møteprotokoll/fråsegner frå møta i rådet skal følgje saksdokumenta til det kommunale organ som tek endeleg avgjerd i saka.

Rådet kan sjølv ta opp saker på eiga initiativ.

Rådet disponerer eige budsjett.

Det er opp til rådet sjølv å bestemme kor ofte det skal ha møte. Rådet skal ha møte dersom minst eitt av vilkåra under er oppfylt jf. Kommunelova § 11

- Rådet sjølv eller kommunestyret vedtek det
- Leiaren av rådet meiner det er nødvendig
- Minst 1/3 av medlemmane krev det

Møta skal som hovudregel haldast for opne dører. Rådet skal kallast inn med om mogleg 7 dagars varsel. Rådet er vedtaksført når minst halvparten av medlemene er til stades. Uttale blir gjort med simpelt fleirtal. Ved likt stemmetal er leiaren si dobbeltstemme avgjerande. Kommunedirektøren sørger for nødvendig sekretærhjelp til rådet.

Det skal førast møtebok (protokoll) for møta i rådet jf. Kommunelova § 11-4. Protokoll skal innehalde:

- Tid og stad for møte
- Kven som møtte, kven som var fråverande
- Kva for saker som blei behandla
- Kva for uttale rådet vedtek å gje i saka
- Avstemmingsresultat

Rådet skal kvart år utarbeide ei årsmelding som skal leggast fram for kommunestyret jf. Forskrift om kommunale og fylkeskommunale råd §2. Årsmelding kan innehalde oversikt over medlemmer, mandat og kva saker rådet har behandla i året som har gått, i tillegg ei oppsummering av fråsegna frå rådet.

Rådsmedlemmene har krav på godtgjering for arbeidet i rådet jf. Kommunelova § 8-4. Det er kommunestyret som fastset godtgjeringa, i Vang kommune er det regulert i forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vang kommune.

Medlemmene i rådet har både rett og plikt til å delta i møte i rådet, med mindre dei har gyldig grunn til ikkje å delta jf. Kommunelova § 8-1. Fråvær må meldast til politisk sekretær eller til administrasjonen i kommunen så raskt som mogleg.

2.1.6.1 Ungdomsrådet

Rådet har 7 medlemmar med varamedlemmar veljast for ein periode på to år. Medlemmene blir oppnemnde av kommunestyret. 6 medlemmer skal representere interessene til ungdomar i kommunen. Dei valde medlemmane skal ikkje være fylt 19 år på valtidspunktet jf. Kommunelova

§5.12. Eit medlem skal være politikar, leiar for hovudutval levekår. Nestleiar for Hovudutval for levekår og likeverd er vara.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, dei skal peikast ut mellom ungdommane. Valet skal gjennomførast ved fleirtalsval. Det vil seie at valet skal være opent og skal gjerast ved å vise røysteteikn. Dette er presisert i kommunelova §7-8. Ungdomsrådet kan likevel kvar einskild medlem krevje skriftleg avstemming, kommunelova §5-12, sjette ledd. Grunngjevinga for unntaket er at medlemene kan vere mindreårig, og at open røysting kan opplevast utrygt og gjere terskelen for høg til å stille til val som leiar og nestleiar.

2.1.6.2 Eldrerådet

Rådet har 7 medlemmer med varamedlemmer, veljast for ein periode på fire år.

Medlemmene blir oppnemnde av kommunestyret, 5 medlemmer skal representere eldre i kommunen. Fleirtalet av medlemene i eldrerådet skal på valtidspunktet ha fylt 60 år jf.

Kommunelova §5.12. Relevante interesseorganisasjonar har rett til å koma med framlegg om desse medlemene. Det skal veljast to politikare i tillegg.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, dei skal peikast ut mellom representantane blant alderspensjonistane. Valet skal gjennomførast ved fleirtalsval. Det vil seie at valet skal være opent og skal gjerast ved å vise røysteteikn. Dette er presisert i kommunelova §7-8.

Eldrerådet planlegg og deltek i felles eldrerådsmøte i Valdres. Møta ambulerer mellom kommunane. Eldrerådet står som arrangør av eldredagen 1. oktober og andre aktivitetar for eldre.

2.1.6.3 Råd for menneske med nedsett funksjonsevne (RMF)

Rådet har 5 medlemmer med varamedlemmer, veljast for ein periode på fire år.

Medlemmene blir oppnemnde av kommunestyret, 3 medlemmer skal representere menneske med nedsett funksjonsevne. Relevante interesseorganisasjonar har rett til å koma med framlegg om desse medlemene. Det skal veljast to politikare i tillegg.

Rådet vel sjølv leiar og nestleiar, dei skal peikast ut mellom representantane frå interesseorganisasjonane. Valet skal gjennomførast ved fleirtalsval. Det vil seie at valet skal være opent og skal gjerast ved å vise røysteteikn. Dette er presisert i kommunelova §7-8.

2.1.7 Administrasjonsutvalet

Administrasjonsutvalet har sju medlemer: Formannskapet og to representantar frå dei tilsette. Tilsette sine representantar blir valde av og blant dei tilsette for to år om gongen. Ordføraren er leiar og varaordføraren er nestleiar.

Kommunedirektøren har det løypande personalansvaret for den enkelte, inkludert tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege reaksjonar, dersom ikkje anna er fastsett i lov jf. kommunelova § 13-1.

Administrasjonsutvalet behandlar overordna personalsaker og andre prinsipielle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette (KL § 5-11 og hovudavtalen del B § 4).

Administrasjonsutvalet skal

- behandle saker som gjeld forholdet mellom kommunen som arbeidsgjevar og dei tilsette
- foreslå og behandle overordna retningsliner for personalpolitikken i kommunen, mellom anna knytt til lønsutforming, likestilling og inkluderande arbeidsliv
- drøfte kvalitets-, fornyings- og utviklingstiltak, oppfølging og implementering av nasjonalt vedtekne reformer
- kan vere rådgjevande organ for kommunedirektøren innan spørsmål som har prinsipiell betydning for medarbeidarane og forholdet mellom arbeidsgjevar og arbeidstakar

2.2 Politiske verv

2.2.1 Rolla som folkevald

Som folkevald politikar har ein mange roller. Fire av dei står sentralt: leiarrolla, styringsrolla, arbeidsgjevarrolla og representasjonsrolla med ombodsrolla.

Eit grunnleggjande prinsipp i vårt demokrati er at det er dei folkevalde som tek avgjerd på vegne av innbyggjarane. Ein folkevald skal både *representere* sitt politiske parti og einskilde innbyggjarar eller grupper i tråd med *ombodsrolla*. Samtidig skal ein folkevald representere heile befolkninga og finne løysingar som tek omsyn til det beste for heilskapen i lokalsamfunnet. I *styringsrolla* skal den folkevalde vere med på å prioritere og fatte vedtak, følgje opp og kontrollere iverksetting av vedtaka. Med *arbeidsgjevarrolla* har ein eit overordna ansvar for å sikre god kompetanse og kvalitet i tenestene gjennom god arbeidsgjevarpolitikk. Kommunestyret har som kollegialt organ det overordna arbeidsgjevaransvaret i for alle tilsette i kommunen, samt eit kollegialt og direkte arbeidsgjevaransvar ovanfor kommunedirektøren. Som overordna arbeidsgjevar har folkevalde også eit ansvar for å synleggjere dei verdiane kommunen står for. Sist, men ikkje minst, har folkevalde ei *leiarrolle*. Dette handlar om å ta leiarrolla på vegne av kommunen i offentlege samanhengar, vere visjonær, strategisk og innovativ, sette dagsorden og formulere mål, finne gode løysingar på utfordringane, skape oppslutning om dei løysingar som er vald, og bygge, utvikle og styrke lokalsamfunnet.

Eit anna grunnleggjande ansvar som ligg på den folkevalde politikar er å bidra til å skape ein kultur basert på openheit og tillit i lokalsamfunnet. Tilliten mellom dei folkevalde og innbyggjarane er ein grunnleggjande føresetnad for eit velfungerande lokaldemokrati. Det same gjeld tilliten mellom dei folkevalde og dei tilsette i kommunen, og dei folkevalde imellom.

Openheit og god dialog er avgjerande for å skape tillit mellom befolkning, tilsette i kommunen og dei folkevalde. God informasjon, føreseielege og gjennomsiktige avgjerdss prosessar med moglegheit for innsyn er viktig for å sikre tillit og god demokratisk styring.

Folkevalde som medlem i politiske organ pliktar å setja seg inn i saker, bidra til konstruktiv debatt og vera lojal mot fatta vedtak .

Medlem av politiske organ pliktar å gjera seg kjend med Politisk reglement for Vang kommune, etisk reglement for Vang kommune og Forskrift om godtgjersle og permisjonar for folkevalde i Vang kommune.

Politikarane bør opptre i samsvar med rolla dei har som arbeidsgjevar. Arbeidsoppgåver og mynde er delegert, men ikkje ansvaret. Spørsmål til administrasjon rettast til kommunedirektør.

2.2.2 Ordførar og varaordførar

Ordføraren er møteleiar i kommunestyret. Har ordførar forfall, er det varaordførar som er fungerande ordførar og møteleiar. Har begge forfall, skal kommunestyret gjennom fleirtalsval velja ein setteordførar som særskild møteleiar.

Varaordføraren skal under møte i kommunestyret sitja ved sida av ordføraren.

Ordføraren har ansvaret for å setja opp sakliste og innhald i saklista. Ordføraren har også ansvar for at innkalling med sakliste og saksdokument blir sendt ut i tide, jf. kommunelova § 11-3.

Ordføraren kan kalle inn til gruppeleiarmøte i samband med kommunestyremøte, eller når ordføraren elles finn det formålstenleg.

Ved tvil om kva politisk organ som skal behandle ei sak, har ordførar avgjerdsmynde.

Ordføraren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet. Ordføraren kan la ein av sine underordna utøve denne retten på sine vegne.

Delegeret mynde frå kommunestyret til ordførar er stadfesta i delegeringsreglementet.

2.2.3 Gruppeleiaren

Gruppeleiari har ansvar for å halde oversikt over si eiga partigruppe og fungere som kommunikasjonsledd mellom partigruppa og ordføraren. Gruppeleiaren kan be om gruppemøte for partiet sitt under behandlinga av ei sak i kommunestyret. Dette kan skje før debatten startar, eller før saka blir teke opp til avrøysting.

2.3 Kommunedirektøren

Kommunestyret tilsett sjølv kommunedirektøren som øvste leiar av kommuneadministrasjonen. Kommunedirektøren skal leie den samla kommunale administrasjonen, med dei unntak som følgjer av lov, og innan dei instruksar, retningsliner eller pålegg kommunestyret gir.

Kommunedirektøren har møteplikt og talerett i alle kommunale folkevalde organ, unntake kontrollutvalet.

Kommunedirektøren skal sjå til at alle saker som blir lagde fram for folkevalde organ er førebusdde på ein forsvarleg måte og at vedtak blir sett i verk utan ugrunna opphold. Saksutgreiinga skal gje eit faktisk og rettsleg grunnlag for å fatte avgjerd i saka, jf. kommunelova § 13.

Kommunedirektøren har ansvar for at administrative leiarar er til stades i kommunestyret og for å stille tilstrekkeleg sekretærhjelp til disposisjon for kommunestyret. Utover dette kan kommunedirektøren ta med seg fagpersonell til kommunestyret når han finn det nødvendig.

Kommunedirektøren har møte- og talerett i alle kommunale eller fylkeskommunale folkevalde organ, med unntak av kontrollutvalet. Kommunedirektøren kan la ein av sine underordna utøve denne retten på sine vegne.

Kommunedirektøren skal ikke delta politisk i debatten i kommunestyret, men kan argumentere for eiga saksutgreiing og framlegg til vedtak, og har plikt til å klargjera fakta og bidra til å løyse opp i misforståingar som oppstår under forhandlingane i møtet. Vidare har kommunedirektøren plikt til å leggje fram eventuelle tilleggsopplysingar som er komne fram etter at den administrative saksbehandlinga er avslutta.

Kommunedirektøren har mynde til å treffe vedtak i alle enkeltsaker og alle saker som ikke er prinsipielle, dersom kommunestyret ikke har bestemt noko anna. Eit folkevald organ kan gi kommunedirektøren mynde til å treffe vedtak i saker som ikke er av prinsipiell art, viss ikke kommunestyret sjølv har bestemt noko anna.

Skiljet mellom prinsipielle og ikke prinsipielle saker blir fastsett ut frå praksis/sedvane, generelle retningsliner og forvaltingspraksis i høve til kommunelov og forvaltingslov. Vurderinga skal skje ut frå vedtaket sin karakter og konsekvens. Dersom det er tvil om ei sak er prinsipiell eller ikke, eller det er tvil om ei sak skal behandlast politisk, har ordføraren og kommunedirektøren ansvaret for å avklare dette. Dersom det framleis er tvil, går saka til politisk behandling.

Kommunedirektøren har det daglege personalansvaret for alle kommunalt tilsette, inkludert mynde til å treffe vedtak i alle saker om tilsetting, oppseiing, suspensjon, avskjed og andre tenestlege forhold, viss ikke noko anna er fastsett i lov.

Delegert mynde frå kommunestyret til kommunedirektøren er stadfesta i delegeringsreglementet. Kommunedirektøren kan vidaredelegere til sine underordna, dersom ikke anna er bestemt.

3. Møteprinsippet

Folkevalde organ behandler sine saker og gjer vedtak i møte jf. Kommunelova §11-2. I andre organ enn kommunestyret kan leiaren for organet likevel avgjere at saken skal takast opp til handsaming ved fjernmøte eller skriftleg handsaming. Dette kan berre gjerast om saka må vere avgjort før neste møte, og det ikke er tid til å kalle saman til ekstraordinært møte.

Det skal føres protokoll, eller møtebok som det fremgår i kommuneloven §11-4. I protokoll skal det først tid og stad for kvart møte, namna på dei som er til stades, fråvær og møtande varamedlem. Talet på røyster og representantar som røyster for eller mot eit framlegg skal formulerast til slutt. Møteleiar avgjer om nokon skal få utsegner ført inn i protokoll. Om det kjem motsegner mot avgjerda, skal organet avgjere spørsmålet. (Sjå meir informasjon om protokolltilførsel pkt. 4.9)

3.1 Tidspunkt for møte

Møteplanen for neste kalenderår skal vedtakast seinast i siste kommunestyremøte før nyttår. Ordførar eller organets leiar kan endre eller fastsette fleire møte enn vedteke i møteplanen. Det kan også skje om minst 1/3 av medlemene krev det. Dato for budsjettkonferanse, administrasjonsutval, arbeidsmiljøutval og eventuelle dagar for folkevaldopplæring skal inkluderast i møteplan.

3.2 Innkalling og kunngjering av møte

Leiar av organet er ansvarleg for å kalle inn til møtet og sette opp sakslista jf. kommunelova §11-3. Leiar avgjer også rekkjefylgja på sakene. Innkalling med saksframlegg og vedlegg skal vere faste medlemer i hende seinast ei veke før møtet. Om ein av særskilte grunnar ikke rekk å få ei sak med på sakslista innan fristen, må saka sendast ut som tilleggssaksliste så snart den er klar.

Innkalling med sakspapir skal leggjast ut på heimesida til kommunen. Dokument som er unntake

offentlegheit vert distribuert til politikarane i møteportalen. Sakspapira skal vere offentleg tilgjengeleg for innsyn samstundes med at innkallinga vert distribuert til dei folkevalde.

Innkallinga skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, og kronologisk oversikt over saker som skal behandlast, samt eventuelle orienteringar. Møte i folkevalde organ skal som hovudregel haldast i samsvar med vedteken møteplan, og elles når ordførar, utvalsleiar eller minst 1/3 av medlemmane av organet finn det naudsynt.

Møte i kommunestyret skal kunngjerast i annonse i lokalavisa. I tillegg skal kunngjering skje på heimesida. Kunngjeringa skal innehalde opplysningar om tid og stad for møtet, og opplysningar om kvar saksdokumenta er tilgjengelege.

3.3 Forfall til og under møte

Den som er vald som medlem av kommunalt folkevald organ plikter å delta i organet sine møte, med mindre det ligg føre gyldig forfall jf. Kommunelova §8-1.

Gyldig forfall føreligger dersom sjukdom eller andre hindringar gjer det umogleg eller uforholdsmessig byrdefullt å møte. Fritak skal søkast om snarast mogleg til møteleiar og sekretariatet eller dit det blir opplyst om i innkallinga. Grunn til forfall skal gjevast opp.

Administrasjonen skal på vegne av møteleiar snarast kalle inn vararepresentantar i den rekkefølgja dei er valde. Det same gjeld om eit medlem før møtet ser at han/ho er inhabil i ei eller fleire saker. Vararepresentantane har same møteplikt som faste kommunestyrerrepresentantar.

Om eit medlem likevel kjem på møtet, skal varamedlem som lovleg har teke sete i forsamlinga, halde fram i møtet, til den pågåande saka er avgjort.

Om det ligg føre viktige personlege grunnar og eit medlem ber om det, kan organet gje eit medlem fritak frå å delta i behandling av ei sak før saksbehandlinga er starta jf. kommunelova §11-11.

3.4 Ope eller lukka møte – møteoffentlegheit

Møter i folkevalde organ er opne for offentlegheita jf. kommunelova § 11-5. Møter med administrasjon og folkevalde organ der politiske saker vert diskutert før saka skal opp til handsaming i offentlege organ, er også offentlege. Unntak gjeld:

- Når det ligg føre lovpålagt teieplikt
- Når saka gjeld ein arbeidstakars tenesteforhold
- Når omsyn til personvern krev det
- Når tungtvegande offentlege interesser seier det.

Debatt om kor vidt ei sak skal lukkast, skjer før lukka dørar om møteleiar krev det eller organet vedtek det. Avstemminga skal skje i opent møte. Heimel for lukking av møtet skal gå fram av protokollen. Når ei sak skal behandlast før lukka dører, plikter dei folkevalde å teie om dei opplysingane som etter lov er underlagt teieplikt.

3.5 Fjernmøte

Kommunestyret kan sjølv avgjera at folkevalde organ i kommunen skal ha moglegheit til å halda møter som fjernmøte jf. kommunelova §11-7.

I Vang kommune er det vedteke at ordførar i ekstraordinære situasjonar kan avgjere at kommunestyremøte skal gjennomførast som fjernmøte på digital plattform, t.d. Teams. Møteform skal kome tydeleg fram under innkallinga. Same møteform gjeld for alle medlem.

Tilsvarande gjeld for andre folkevalde organ, der møteleiar kan avgjere behov for digitalt møte.

Møte som skal lukkas etter kommunelova §11-5 andre ledd, kan ikkje haldast som fjernmøte

3.6 Hastesaker

Jf. kommunelova §11-8 kan kommunestyret gje formannskapet, eit utval etter §5-7 eller ordførar mynde til å treffe vedtak i saker som skulle ha vore avgjort av eit anna organ, når dette er naudsynt for å treffe eit vedtak så raskt at det ikkje er tid til å innkalle det organet som skulle ha avgjort saken. Ein melding om vedtak som er treft i medhald av fyste punktum, skal leggjast fram i det neste møtet i det organet som skulle ha avgjort saka.

Leiaren av eit folkevald organ kan avgjere å behandle ei sak skriftleg eller i hastefjernmøte viss det er påkravd å få avgjort ei sak før neste møte, og det enten ikkje er tid til å halde eit ekstraordinært møte, eller saka ikkje er så viktig at eit ekstraordinært møte kan sjåast som naudsynt.

Ved hastefjernmøte etter andre ledd kan medlemene kallast inn til møtet med kortare frist enn etter ordinære reglar. Viss 1/3 av organet sine medlemer krevjar det, skal saka utsettast til det kan holdast eit ordinært møte.

Når ein sak skal behandlast skriftleg etter andre ledd, skal saka med dokumenter og forslag til vedtak sendast samtidig til alle organet sine medlemer. Forslaget blir vedteke viss alle medlemer sluttar seg til det framlagte forslaget, og til at vedtaket kan treffast etter skriftleg saksbehandling.

3.7 Tilhøyrarar, kringkasting og videoopptak

Tilhøyrarar tek plass på bestemte plasser, og kan kome og forlate salen under heile møtet. Dette skal skje utan at forsamlinga forstyrrest. Om tilhøyrar ved meiningsytring eller på anna vis forstyrrar møtet, kan møteleiar vise personen ut.

Tilhøyrarar kan berre ta opp møtet på lydband eller video om møteleiar tillèt det og informerer organet på førehånd.

3.8 Møteleiar

Det skal veljast møteleiar og nestleiar for alle folkevalde organ. Om møteleiar har forfall, skal møtet leiast av nestleiar. Har begge forfall vert møteleiar valt ved fleirtalsvedtak. Kommunestyret vel her setteordførar.

3.9 Møtestart og opprop

Møter i folkevalde organ startar til fastsett tid med registrering av medlemer og eventuelle varamedlemer som skal vere til stades. Er organet vedtaksdyktig set møteleiar møtet. Medlemer og varamedlemer som møter fram etter at møtet er sett, melder seg til møteleiar. Så lenge møtet er satt kan ingen av organa sine medlemer forlate salen, utan å melde frå til møteleiar.

4 Gjennomføring av kommunestyremøtet

4.1 Opning av møtet

Kommunestyret er ope for alle.

Ved opning av møtet førettek ordføraren kontroll av oppmøte mot innkalling, og orienterer om eventuelle fråvær og vararepresentantar. Møtet blir erklært lovleg sett dersom minst halvparten av kommunestyrerrepresentantane er til stades.

4.2 Innkalling og sakliste

Ordføraren skal be kommunestyret om godkjenning av innkalling og sakliste. Viss det er aktuelt å gjera endringar i saklista, skal ordføraren be kommunestyret om godkjenning av dette.

Kommunestyret kan med alminneleg fleirtal vedta å utsetje realitetsbehandling av ein sak eller avvise ein sak som står på saklista.

Sak som ikkje står på saklista til kommunestyremøtet skal ikkje takast opp til realitetsavgjerd dersom ordføraren eller 1/3 av forsamlinga set seg i mot at ho blir avgjort. På tilsvارande måte kan organet fatte vedtak i ei sak der saksdokumenta ikkje er sendt ut saman med innkallinga, med mindre møteleiaren eller 1/3 av medlemmane motsett seg dette.

4.3 Spontanspørsmål

Alle kommunestyremedlemmer og innbyggjarar i kommunen kan stille spørsmål til kommunestyret.

Spontanspørsmål skal reisast ved innleiinga av møtet. Runda med spontanspørsmål kan totalt ha ein varigheit på maksimum 30 min.

Dei kommunestyrerrepresentantane som ynskjer å stille spontanspørsmål teiknar seg ved opning av møtet. Ordførar avgjer rekkefølge på spørjarane.

Spørsmåla skal være munnlege og korte - avgrensa til eit minutt. Dei trenger ikkje vere gjort kjent på førehand. Kommunestyrerrepresentantane kan ikkje pårekna å få svar på spontanspørsmål under same kommunestyremøte.

Spørsmåla skal rettast til ordføraren. Ordføraren kan overlate til andre å svare på spørsmålet. Taletida for svarer er to minutt. Spørjar får høve til eit spørsmål eller ein kommentar etter at svar er gitt. Elles vert det ikkje høve til ordskifte.

Kommunestyrerrepresentantane kan ikkje pårekna å få svar på spontanspørsmål under same kommunestyremøte. Svaret kan gjevast skriftleg etter møte eller i neste kommunestyremøte.

4.4 Grunngjevne spørsmål

Grunngjevne spørsmål er spørsmål til ordførar som gjeld **konkrete forhold eller saker**. Ordføraren refererer heile spørsmålet. Spørjaren og svarar får to minuttar kvar.

Spørjaren kan be om ordet for eitt tilleggsspørsmål. Det er ikkje høve til debatt, og det kan ikkje fremjast forslag i samband med grunngjevne spørsmål. Spørsmål og svar blir innarbeidd i protokollen for kommunestyremøtet.

4.5 Interpellasjon

Interpellasjon gjeld **prinsipielle spørsmål**.

Interpellanten legg saka fram for ordførar. Ordføraren svarar i kommunestyremøtet, og kommunestyrerrepresentantar kan be om ordet i samband med ein interpellasjon. Debatt til ein enkelt interpellasjon kan vera inntil 30 minuttar, og kvar representant får ordet ein gong, interpellanten og ordføraren to gonger, taletid maks. 2 min. Den som stiller ein interpellasjon, eller ordførar, kan fremje forslag som blir teke opp til avstemming. Forslaget skal ikkje realitetsbehandlast dersom eit alminneleg fleirtal av representantane motsett seg dette. Interpellasjon og svar på denne, samt eventuelt forslag og votering, skal leggjast i protokollen til kommunestyremøtet. Forslagsstilla må vera til stades i kommunestyremøtet for at saka skal handsamast.

4.6 Saksbehandlinga i møtet

Spørsmål om ei sak skal behandlast for lukka dører i samsvar med kommunelova, forvaltningslova og offentleglova, skal avgjerast anten ved at ordføraren slår dette fast i medhald av lov, eller ved at det blir avgjort ved avrøysting.

Dersom ei sak er teke opp til behandling, kan møtet ikkje hevast før saka er avgjort ved avrøysting, eller før kommunestyret har gjort vedtak om å utsetja forhandlingane i saka.

Kommunestyret kan sjølv fastsette eit reglement med nærmare reglar for saksbehandling i folkevalde organ.

Det skal ikkje leggast inn nye framlegg eller framlegg til endring av vedtak i møteportalen før møtet har starta. Alle framlegg skal fremjast frå talarstolen, og vere skriftlege.

4.7 Innleiing til debatt

Ordføraren refererer saksnummer og overskrift i saka.

Ordføraren opplyser om det i tidlegare behandlingar har kome fram ulike meininger om saka, og refererer mindretalsforslag som er nedstemt dersom kommunestyret ynskjer det.

I saker der eit politisk utval fremjar innstilling overfor kommunestyret, skal saksordføraren (om ein slik er vald) på partipolitisk nøytral måte gjera greie for innstillinga og eit eventuelt synet til mindretallet.

Kommunestyret skal informerast om eventuelle saksopplysningar og dokument som er komne fram etter at innstillinga vart lagt fram.

4.8 Gjennomføring av debatt

Når kommunedirektøren eller anna saksordførar har lagt fram saka, skal ordførar spørje om nokon av kommunestyrerrepresentantane vil ha ordet i saka. Talarane får ordet i den rekjkjefølgja dei ber om det. Ber fleire om ordet samtidig, avgjer ordføraren rekjkjefølgja.

Alle saksframlegg, innlegg og replikkar i kommunestyret skal fremjast frå talestol.

Representant som ønskjer innlegg, viser peikefinger i veret og ventar til ordstyrar har notert namnet.

Teikn for replikk er to fingrar i veret.

Det er ein fordel om partigruppene før møtet har peika ut saksordførar som kan fremme innlegg frå partigruppa i dei ulike sakene.

Dersom ordføraren vil ta aktivt del i ordskiftet med innlegg, skal leiinga av kommunestyremøtet overlatast til varaordførar.

Følgande taletider gjeld i Vang kommunestyre:

Saksordførar	Maks. 5 min.
Andre medlemmer, første gongs innlegg	Maks. 5 min.
Andre gongs innlegg	Maks. 3 min.
Replikk, pr. representant	Maks. 1 min.
Svar på replikk	Maks. 2 min.

Saksordføraren kan i spesielle tilfelle tildelast lengre taletid. Når ordføraren deltek i debatten, gjeld vanlege reglar for taletid.

Replikk er merknad eller spørsmål til eit hovudinnlegg. Det er høve til å kome med to replikkar pr. innlegg, samt svar-replikk frå den som hadde innlegget. Det ingen avgrensing på innlegg pr. sak. Det same gjeld etter eventuelt innlegg av ordførarar.

Kommunestyret kan, når talet på saker eller lengd på møte tilseier det, vedta kortare taletid enn reglementet tilseier.

Finn ordføraren at ei sak er drøfta ferdig, foreslår han å setja strek. Ved avstemming om dette kan det med 2/3 fleirtal vedtakast å avslutte ordskiftet om saka. Før strek blir sett, skal ordføraren spørja om nokon av kommunestyrerrepresentantane har forslag som skal fremjast. Eventuelt nye forslag skal tillatast og fremjast før strek blir sett.

Ved behandling av forslag om å redusere taletida eller om å avslutte ordskiftet, har kommunestyrerrepresentantane rett til å ta ordet ein gong, med taletid på maks. 1 minutt.

4.9 Saksframlegg

Saksframlegg i kommunestyret kan berre setjast fram av kommunedirektør, kommunestyrerrepresentantar og ordførar. Saksframlegg frå kommunestyrerrepresentantar skal leverast inn skriftleg på e-post til ordføraren seinast 8 verkedagar før kommunestyremøtet. Ein kvar representant av kommunestyret og vararepresentant som skal delta i møtet, kan sende saksframlegg til ordføraren. Saksframlegga skal distribuerast saman med sakslista ved innkalling. Ordførar kan avvise saksframlegg frå kommunestyrerrepresentantar som kjem inn seinare enn fristen.

Saksframlegg som er tidlegare fremja i formannskap eller eit utval, og er blitt nedstemt, må fremjast på nytt under kommunestyrebehandlinga dersom forslagsstillaren eller ein annan representant ønskjer avstemming over forslaget. Forslagsstillar må vera til stades i kommunestyremøtet for at saka skal handsamast.

Saksframlegg kan fremjast som grunngjevne spørsmål eller interpellasjon.

4.10 Avstemming

Når ordføraren har erklært at debatten er avslutta, blir saka teke opp til avstemming.

Frå det tidspunktet ordføraren har kunngjort at saka blir teke opp til avstemming, er det ikkje høve til å fremje forslag eller ta ordet til saka. Berre dei representantane som er til stades i salen når saka blir teke opp til avstemming, har rett til å stemme. Dei kan ikkje forlate salen før avstemminga er ferdig.

Eit vedtak vil treffast med fleirtalet av stemmene viss ikkje noko anna følgjer av lov. Det gjeld særskilde reglar for avstemming ved behandling av økonomiplan og årsbudsjett.

Kommunestyrrepresentantane har plikt til å stemme i alle saker. Avstemming skjer ved bruk av stemmeteikn, altså handa eller tilsvarande teikn.

4.11 Protokolltilførsel

Protokolltilførsel er ein spesiell merknad i enkeltsak som eit mindretal ønskjer blir teke inn i møteprotokollen. Ein representant eller eit mindretal kan krevja at ei kort grunngjeving for eit avvikande syn blir teke inn i protokollen. Dette blir då ein spesiell presisering i tillegg til det som stemmegivinga allereie viser.

Protokolltilførsel regulerast ikkje i lov, møteleiar kan avvise ein protokolltilførsel på grunn av innhald og form, t.d. sjikanerande form. Om det kjem motsegner mot avgjerd, skal organet avgjere spørsmålet. Protokolltilførsel skal varslas før ein går til votering.

4.12 Orden i salen

Talaren skal rette sine ord til møteleiaren, ikkje til forsamlinga. Talaren skal halde seg nøyne til den sak eller den del av saka som ordskiftet gjeld, og møteleiaren skal sjå til at dette blir gjort. Talaren har rett til å halde innlegget sitt utan å bli avbroten. Ordføraren kan likevel avbryte ein talar som ikkje held seg til saka eller bryt reglementet. Om talaren viser til andre representantar, skal det brukast fullt namn. Ordførar og kommunedirektør omtalast med tittel.

Forsamlinga eller andre må ikkje krenkast i ord eller handling. Upassande eller fornærmande tale eller åtferd tillatast ikkje. Det er heller ikkje tillata å skape uro som uttrykk for misnøye eller tilslutnad.

Møteleiaren skal sørge for å halde god orden i møtesalen, og skal sjå til at talarane ikkje blir avbrote eller forstyrra. Viss tilhøyrarar ved meiningsytring eller på anna måte forstyrra forhandlingane, eller opptrer på ein måte som strider mot god orden, kan møteleiaren vise ut vedkomande tilhøyrar eller alle tilhøyrarane.

Kommunikasjon mellom kommunestyrrepresentantar og tilhøyrarar skal ikkje førekome under kommunestyremøte. Eventuell kommunikasjon må skje før eller etter møte eller i pausar.

Teikningar, plakatar og liknande er ikkje lovleg i salen under møta, med mindre møteleiaren samtykker.

Elektronisk utstyr som nettbrett, smarttelefon og pc skal nyttast berre som arbeidsverktøy under møte. I kommunestyret skal representantane merksemdu vere retta mot behandlinga i plenum, der den politiske debatten og saksbehandlinga går føre. Kommunestyret i Vang forventar at representantane følgjer ein høy etisk standard både i sine folkevalde verv og på sosiale media. Sjå etisk reglement for folkevalde i Vang kommune.

5 Orienteringar for kommunestyret

Grupper eller enkelpersonar som ønskjer å møte for kommunestyret og uttale seg og/eller levere skriftleg utgreiing i ei sak, skal melde frå til ordføraren. Ordføraren tilrår overfor kommunestyret om ønsket skal imøtekoma, og kan foresla eit utval av kommunestyrerrepresentantar som møter slike utsendingar. Kommunestyret fastset dato for møtet. Leiaren av eit slikt utval skal orientere kommunestyret om det utsendingane har vorte orienterte om. Opplysninga om sendenemnder blir innførte i protokollen for kommunestyremøtet.

6 Inabilitet

Ingen erklærer seg inhabil, man ber om å få sin habilitet vurdert jf. forvaltningslova §6. Ein folkevald som er ugild i ei sak, jf. kap. II i forvaltningslova, § 11-10 i kommunelova eller Etiske retningslinjer for Vang kommune, skal fråtre ved behandlinga av vedkomande sak. Dersom ein representant er i tvil om habiliteten sin, bør spørsmålet reisast overfor møteleiar så snart som mogleg etter mottak av innkalling og saksliste, slik at vesentlege forhold kring ugildheita til representanten kan greiast ut og vararepresentant eventuelt kan kallast inn på førehand. Kommunedirektøren avgjer ugildheit før tilsette i kommunen, med unntak av tilsette som medlem under møte i eit folkevald organ.

7 Føring av protokoll. Møtet slutt

Folkevalde organ skal føre protokoll. Protokollane skal arkiverast fortløpande og skal vere offentlege.

Protokollen skal for kvart møte innehalde

- innkalling, dato og møte
- møtetid og møtestad
- fråverande representantar og møtande vararepresentantar
- permisjonar som blir gjevne i løpet av møtet
- innkomne spørsmål og svar til spørjetimen
- forslag, avstemmingsresultat og vedtak i dei enkelte sakene
- namn på representantar som røystar mot framlegg til vedtak
- referatsaker som er behandla i møtet
- eventuelle orienteringssaker
- kven som møtte på vegne av administrasjonen
- Interpellasjonar, grunngjevne spørsmål og svar

Elles skal protokollen innehalde det som må til for å vise gangen i saksbehandlinga og avviklinga av møtet. Ved ønske om protokolltilførsel skal møteleiaren - eller organet i tilfelle protest blir reist mot hans/hennar avgjerd – avgjere om protokolltilførsel skal tillatast.

Alt materiale som blir sendt til representantane i tilknyting til møtet skal som hovedregel leggjast ved protokollen.

8 Dokumentversjon

Versjon:	Dato:	Saksnummer:
Vedtak – politisk reglement	17.12.20	KS-099/20
Revidering	09.12.21	KS-075/21
Revidering	16.05.24	
Revidering enkelte skrivefeil	27.08.24	
Legge til: Vedtak om nye framlegg og endringar. (Punkt 4.6)	22.10.2024	KS – 074/24
Endring hovudutval for levekår til hovudutval for levekår og likeverd	13.05.2025	KS -10/25